

Korleis ei bok kan fungere som eit piggsvin...

Bok: «Kunsten og livet - en bruksanvisning»
Av Kjetil Røed, Flamme Forlag

Kjetil Røed tek i boka utgangspunkt i 11 ulike dyder som han ser på i samanhengen mellom kunsten og livet. Dei 11 dydene er (sitert på bokmål) : oppmerksomhet, dømmekraft, tilbaketrekning, nysgjerrighet, erkjennelse, håp, samarbeid, tvisyn, håndverk, kjærlighet og solidaritet.

I dag las eg ferdig boka, og umiddelbart bladde eg fram att og byrja å lese på ny. Fordi den fungerer som eit piggsvin. Eit piggsvin har som kjendt, same fasong som ein hjerne, kor det stikk ut fleire tusen piggar. Innhaldet i boka er full av peikepinnar som potensielt peikar ut nye tankerekkjer, eller samtalerekkjer ein kan med utgangspunkt i teksten. Og ingen veit om dei har ein ende. Men sjølv om alle desse nye retningane blir utpeikt, så heng alt saman i botn av piggane, der sjølve piggsvinet er. Og ein aner at det ligg meir bak, enn det som kjem fram, fordi meininga er vel at ein skal kunne finne fram til ting sjølv. På sin eigen måte, og at piggane berre peiker i retningane ein kan gå. Og, det er difor eg vil anbefale å bruke denne boka til utgangspunkt for å invitere vener til lesegruppe.

Det er mange som skriv om kunst som om målet var å opprette ein avstand mellom kunsten og folket. Og ofte er desse tekstane ganske latterlege om ein ser på kva som faktisk står der. Fordi det er utruleg kor mykje tomrom ein kan kamuflere bak forvokste ord. Somme kallar det «å skrive akademisk». Men, eg har aldri lest ei einaste teoribok som har som mål å gjere innhaldet utilgjengeleg. Det betyr ikkje at alle bøker er skrevet for alle, eller at eg forstår alt. Eg forstår ikkje mykje innan molekylærbilologi, og det er ikkje alle som forstår arbeidsteikningar for å bytte ut delar av ein kompressor på ei oljeplattform. Men ingen av dei er skrevet med ønske om avstand. Det at denne boka ikkje er skrevet med eit ønske om distanse, betyr ikkje at boka er banal, eller enkel, men at den er ærleg i sine manglande forsøk på kamuflasje. Det betyr faktisk òg, at boka kan brukast som eit nøkkelknippe du kan gje i gåve til ein ven som står på utsida av kunstfeltet og kjenner seg dum av å lese utstillingstekstar. I tillegg inneheld boka, fotografi av kunst som blir omtalt, så ein kan sjå kva det er snakk om. Utan at det blir for mykje, er boka tettpakka av referansar, kunstverk, spørsmål, historiske perspektiv, personleg tilstadeverande og vilje til å sleppe lesaren inn.

Eg må inrømme at eg for det meste, med svært få unntak, blir provosert av folk som vil opne kunsten for eit større publikum. Fordi det ofte berre blir snakka om det visuelle. Slik at kunsten blir redusert til pynt. Eller ein overforklarar, slik at det framstår som om det finst ein fasit. Ein gløymer kanskje at det hadde vore nok å opne litt opp for kunsten som språk. Som kommunikasjonsform. Ei kommunikasjonsform som har store rom for betraktaren sine eigne refleksjonar. Men som òg inneheld kunstnariske intensjonar, og linjer til kunsthistorien, og at det er noko som oppstår i møtet mellom kunsten og den som ser, og at ingenting er feil i slike møter. I denne boka får me bli med inn i forfattaren sine ulike personlege møter med kunsten, kor han òg slepp oss inn i kunsthistoriske, og politiske aspekt ved kunsten...og kattane.

Orda og historia og reisene og kunsten og tanken, blir bunde saman av kattar. Kattar i piggsvinet sin pels. Det dukkar opp kattar i kunsten han skriv om, kattar i snøen når forfattaren er på veg til bussen, og kattar i oppveksten. Kattane og forfattaren går inn i framtida, og bakover i kunsthistorien og til tanker om kjærleiken og om verda ein står midt oppi her og no som menneske. Det å vera menneske og sjølv definere korleis me møter

tiggarar, korleis me møter oss sjølv, korleis me brukar tida vår, og korleis kunsten heng saman med alt dette. Og det er personleg. Fordi orda heng saman med forfattaren på same måte som kunsten heng saman med livet.

I starten av boka kan me lese at «Alle mennesker søker mot andre perspektiver enn sine egne, for å utvide horisonten, og nyansere blikket på sitt eget liv og hvordan vi lever. For meg er det akkurat *dette* kunsten handler om. Der er derfor den er verdifull. Det er viktig å huske på at kunsten kan betraktes som en ressurs for slike anstrengelser, for glemmer vi det, vil kunsten lett bli avansert pynt eller visuelle gåter for kjennere. Skal vi se det betydningsfulle i den, må vi rett og slett begynne å stille spørsmål som virkelig angår oss.» Seinare i boka trekk han fram det eg vil definere som kunsten si hovudutfordring i samtida; at det er vanskeleg å velje å skape stille rom inni seg sjølv, når «våre private rom uthules av konstant tigjengelighet - vi kan nå alle, og alle kan nå oss, så og si til en hver tid.» Slik eg ser det, gjer dette det vanskelegare å opprette den indre roen og openheita som ligg til grunn for det å kunne møte nye synsvinklar i kunsten. Her blir òg Mathew B. Crawford (f. 1965) sitert «Mens friskt vann og ren luft betraktes som en grunnleggende rettighet, er ikkje stillhet og retten til ikke å bli oppsøkt av reklame eller andre mennesker en rettighet...» Og Røed skriv vidare om korleis stillheita blir meir og meir berre noko dei mest privilegerte kan eige. La oss ikkje sei det same om kunsten.

Boka inneheld òg argument som eg kan finne på å sitere i visse diskusjonar. Fordi for min del, er det knapt meir å sei når det gjeld spørsmål kring i kva grad kunsten kan skape endringar, og om den har ei nytte. Eg siterer berre Kjetil Røed: «Kunsten er mer nyttig enn det meste annet fordi den gir oss adgang til perspektiver som elles ville vært utilgjengelige for oss.»

Og difor, kjem eg til å lese boka oppatt fleire gonge. Fordi ei bruksanvisning er ikkje det same som ein fasit, og eg har planar om å følge fleire av retningane peikepinnane i piggsvinet sin pels peikar ut.